

Eksamen

19.11.2020

HSE3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderinga tek utgangspunkt i kompetansen kandidaten viser i oppgåvesvaret.</p> <p>Sensor vurderer i kva grad kandidaten viser måloppnåing, i tråd med eksamensrettleiinga.</p> <p>Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene, og uttrykk deg tydeleg og fagleg korrekt.</p> <p>Dersom du bruker kjelder utan kjeldetilvising, vil dette bli vurdert til lågaste nivå.</p>
Andre opplysningar	Eksamenen kan gjerne svarast på på PC.

Oppgave 1

Du jobbar som helsesekretær ved ei avdeling på eit sjukehus. Vel deg éin konkret pasient, og gjer greie for kva for nokre administrative oppgåver du har i samband med denne pasienten – frå første kontakt og til pasienten er ferdig behandla. Forklar sentrale fagomgrep.

Oppgave 2

På legekantoret der du jobbar, har det den siste tida vore fleire sjukmeldingar på grunn av slitasjeskadar blant helsesekretærene. Du har fått i oppgåve å sjå nærmare på kva for nokre arbeidsstillingar som kan vere ergonomisk utfordrande i arbeidet som helsesekretær. Vel deg to arbeidsoppgåver, og kom med forslag til korleis desse bør utførast i tråd med ergonomiske prinsipp. Grunngi forslaga fagleg.

Oppgave 3

Marianne Hansen, fødd 11.03.2001, ringer legekantoret med symptom på UVI. Du set henne opp på time dagen etter og ber henne ta med ei urinprøve. Kva informasjon vil du gi Marianne om prøvetaking og oppbevaring av urinprøva, og kvifor?

Oppgave 4

Maria Hegge, fødd 12.02.1967, har diabetes type 2 og er i dag på legekantoret for kontroll. Legen vil at du skal måle HbA1c, ACR og blodtrykk. Korleis vil du gjere dette? Grunngi fagleg.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at sensor kan finne fram til dem:</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingen tar utgangspunkt i kompetansen kandidaten viser i besvarelsen.</p> <p>Sensor vurderer i hvilken grad kandidaten viser måloppnåelse, i henhold til eksamensveiledningen.</p> <p>Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene, og uttrykk deg tydelig og faglig korrekt.</p> <p>Dersom du bruker kilder uten kildehenvisning, vil dette bli vurdert til laveste nivå.</p>
Andre opplysninger	Eksamenen kan gjerne besvares på PC.

Oppgave 1

Du jobber som helsesekretær ved en avdeling på et sykehus. Velg deg én konkret pasient, og gjør rede for hvilke administrative oppgaver du har i forbindelse med denne pasienten – fra første kontakt og til pasienten er ferdig behandlet. Forklar sentrale fagbegreper.

Oppgave 2



På legekantoret der du jobber, har det den siste tiden vært flere sykmeldinger på grunn av slitasjeskader blant helsesekretærene. Du har fått i oppgave å se nærmere på hvilke arbeidsstillinger som kan være ergonomisk utfordrende i arbeidet som helsesekretær. Velg deg to arbeidsoppgaver, og kom med forslag til hvordan disse bør utføres i tråd med ergonomiske prinsipper. Begrunn forslagene faglig.

Oppgave 3

Marianne Hansen, født 11.03.2001, ringer legekantoret med symptomer på UVI. Du setter henne opp på time dagen etter og ber henne ta med en urinprøve. Hvilken informasjon vil du gi Marianne om prøvetaking og oppbevaring av urinprøven, og hvorfor?

Oppgave 4

Maria Hegge, født 12.02.1967, har diabetes type 2 og er i dag på legekantoret for kontroll. Legen vil at du skal måle HbA1c, ACR og blodtrykk. Hvordan vil du gjøre dette? Begrunn faglig.



www.vigoiks.no/eksamen